

Kvartalsrapport
pr. 30.09.2019

KVARTALSRAPPORT PR. 30.09.2019

Revisjon

Luster Sparebank sin rekneskap pr. 30.09.2019 er ikkje revidert.

Resultat

Banken har pr. 30.09.2019 oppnådd ein rentenetto på kr. 44,9 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,61 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen kr. 41,9 mill. og i prosent av gfk 1,60 %. Rentenettoen i kroner har auka med kr 3,0 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Innskot har auka meir enn utlån. Denne overskotslikviditeten har ein plassert i pengemarknadsfond. Avkastning på pengemarknadsfond er lågare enn avkastning på utlån. Avkastning på pengemarknadsfond blir klassifisert som utbytte og er såleis ikkje ein del av rentenettoen. Dette reduserer rentenetto i %.

Luster Sparebank har plassert den lovpålagte likviditetsbuffer i obligasjonsfond. Også avkastninga på obligasjonsfond blir i rekneskapet klassifisert som utbytte. Dersom overskotslikviditet og likviditetsbuffer hadde vore plassert direkte i obligasjonar, hadde avkastninga vore ein del av rentenettoen. Dette hadde gitt ein rentenetto på 1,76 % pr. 30.09.2019. Dette bør ein vera klar over ved samanlikning av rentenettoen i Luster Sparebank med rentenettoen i andre bankar.

Netto andre driftsinntekter pr. 30.09.2019 er på kr 20,5 mill. og er med dette kr 6,1 mill. høgare enn på same tidspunkt i fjor. Ein årsak til dette er at Luster Sparebank har seld omløpsaksjar med vinst. Ein anna årsak er at avkastning på rentefond er høgare enn pr. 30.09.2018. Dette skuldast både auke av midlar plassert i pengemarknadsfond og høgare avkastning i prosent på banken sin likviditetsbuffer som er plassert i obligasjonsfond.

Sum driftskostnader har auka med kr 0,6 mill. i forhold til same tidspunkt i fjor.

Driftsresultat før tap og netto vinst/tap anleggsaksjar er på kr 35,7 mill. som er kr 8,6 mill. betre enn på same tidspunkt i fjor.

Tap på utlån og garantiar er kostnadsført med kr 1,7 mill. Pr 30.09.2018 var det kostnadsført tap med kr 2,9 mill. I 2018 selde ein og anleggsaksjar med vinst kr 3,6 mill.

Pr. 30.09.2019 er resultat før skatt på kr 34,0 mill. noko som er kr 6,2 mill. betre enn pr. 30.09.2018. Høgare rentenetto i kroner, høgare avkastning på rentefond og lågare tap er årsaken til at resultatet er betre enn det var pr. 30.09.2018.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.09.2019 er på kr 3.807,4 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 221,6 mill. (6,2 %). Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.09.2019 på kr 4.414,7 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 232,3 mill. eller 5,6 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 3.076,3 mill. Veksten siste 12 månader er på kr 87,5 mill. eller 2,9 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.09.2019 overført kr 607,4 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 596,8 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste 12 månader auka med kr 98,1 mill. eller 2,7 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.09.2019 var fordelt med 24,5 % på næring og 75,6 % på personmarknad og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 25,3 % på næring og 74,7 % på personmarknad og offentleg sektor.

Innskot frå kundar er bokført med kr 2.681,2 mill. Veksten siste året er på kr 170,6 mill. eller 6,8 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 155 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har teke opp obligasjonslån for kr 430,0 mill. Banken si innskotsdekning er 87,2 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkreditselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjer kr 34,1 mill. kr. pr. 30.09.2019. Dette er ein auke på kr 1,4 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har gått ned med kr 1,4 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Nedskrivning på grupper har gått ned mens nedskrivning på enkeltengasjement har auka. Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kreditt risikoprofil så langt i 2019.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kreditt risiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr 30.09.2019 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 398,8 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.024,4 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 19,7 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.09.2019 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 20,96 %.

Frå og med 01.01.2018 skal eigarpostar på under 10 % i samarbeidande grupper inn i banken sin konsoliderte kapitaldekning. Luster Sparebank har eigarandelar i Verd Boligkreditt AS (7,1 %) og Brage Finans AS (1,59 %) og desse må konsolideras. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 18,97 %, ei kjernekapitaldekning på 19,24 % og ei kapitaldekning på 19,49 %.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank sitt resultat for tredje kvartal 2019 er godt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Innskotsveksten har vore god. Banken vil framover fokusere på tiltak for å få tilfredstillande utlånsvekst. Styret er tilfreds med utviklinga så langt i 2019.

Gaupne, 01.11.2019

I styret for Luster Sparebank

Bjarne Venjum
Styreleiar

Ove Nyland

Siri Johanne Solberg Dalehaug

John Geir Sperle

Inge Teigen

Oddstein Haugen
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	01/01 til 30/09 2019	01/01 til 30/09 2018	3. kvartal 2019	3. kvartal 2018	01/01 til 31/12 2018
Renteinntekter og liknande inntekter	78.677	69.375	27.727	23.919	95.279
Rentekostnader og liknande kostnader	33.741	27.472	11.490	9.198	37.292
Netto rente og provisjonsinntekter	44.936	41.903	16.237	14.721	57.987
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	7.966	6.015	1.511	1.211	6.554
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	9.276	8.479	3.250	3.291	12.809
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-1.194	-1.294	-451	-722	-1.871
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	3.610	317	459	125	415
Andre driftsinntekter	847	876	77	275	1.144
Netto andre driftsinntekter	20.505	14.393	4.846	4.180	19.051
Personalkostnader	14.480	14.135	4.092	3.912	20.490
Administrasjonskostnader	11.414	10.889	3.672	3.623	14.918
Ordinære avskrivningar	1.216	1.216	405	406	1.376
Andre driftskostnader	2.654	2.922	775	774	3.641
Sum driftskostnader	29.764	29.162	8.944	8.715	40.425
Driftsresultat før tap og netto vinst/tap anleggsaksjar	35.677	27.134	12.139	10.186	36.613
Tap på utlån, garantiar m.v.	1.655	2.942	729	1.091	2.243
Netto vinst/tap anleggsaksjar	0	-3.586	0	0	-7.223
Resultat av ordinær drift før skatt	34.023	27.778	11.411	9.095	41.593
Skatt på ordinær resultat	8.506	6.945	2.853	2.274	8.095
Resultat av ordinær etter skatt	25.517	20.833	8.558	6.821	33.498

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.09.19	30.09.18	31.12.18
Kontantar og fordringar på Norges Bank	73.571	49.300	48.483
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	208.856	139.109	203.292
- Utlån til og fordringar på kundar	3.076.321	2.988.805	3.012.366
- nedskrivningar på individuelle utlån	-9.462	-6.372	-10.029
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-13.700	-18.150	-13.000
Sum netto utlån til og fordringar på kundar	3.053.159	2.964.283	2.989.337
Overtekne eigendeler	308	308	308
Sertifikater, obligasjonar og andre rentebærande verdipapir	10.696	22.943	25.169
Obligasjons- og pengemarknadsfond	317.797	279.237	256.901
Aksjar og aksjefond	94.801	85.914	91.004
Utsett skattefordel	6.116	5.488	6.116
Varige driftsmidlar	5.108	5.520	5.594
Andre eigendeler	1.403	1.437	22.688
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter	35.578	32.210	15.923
SUM EIGENDELER	3.807.393	3.585.749	3.664.815
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Gjeld til kredittinstitusjonar	155.000	180.000	180.000
Innskot frå og gjeld til kundar	2.681.164	2.510.520	2.522.750
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	430.006	400.028	459.951
Anna gjeld	11.695	7.086	16.712
Påløpte kostnader og mottekne ikkje opptjente inntekter	27.033	23.467	8.424
Avsetning for påløpte kostnader og forpliktingar	16.970	14.305	16.970
Sum gjeld	3.321.868	3.135.406	3.204.807
Sparebankens fond	441.308	410.810	441.308
Gåvefond	18.700	18.700	18.700
Udisponert overskot	25.517	20.833	0
Sum egenkapital	485.525	450.343	460.008
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	3.807.393	3.585.749	3.664.815
Garantiansvar	28.558	41.400	39.037
Pantsetjingar	51.259	50.665	50.919
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	607.383	596.760	625.401
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.736.104	3.502.071	3.538.238

RESULTATANALYSE (i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	01/01 til 30/09 2019	01/01 til 30/09 2018	01/01 til 31.12.18
Renteinntekter og liknande inntekter	2,82 %	2,66 %	2,69 %
Rentekostnader og liknande kostnader	1,21 %	1,05 %	1,05 %
Netto rente og provisjonsinntekter	1,61 %	1,60 %	1,64 %
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,29 %	0,23 %	0,19 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,33 %	0,32 %	0,36 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,04 %	-0,05 %	-0,05 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	0,13 %	0,01 %	0,01 %
Andre driftsinntekter	0,03 %	0,03 %	0,03 %
Netto andre driftsinntekter	0,73 %	0,55 %	0,54 %
Personalkostnader	0,52 %	0,54 %	0,58 %
Administrasjonskostnader	0,41 %	0,42 %	0,42 %
Ordinære avskrivningar	0,04 %	0,05 %	0,04 %
Andre driftskostnader	0,09 %	0,11 %	0,10 %
Sum driftskostnader	1,07 %	1,12 %	1,14 %
Driftsresultat før tap og skatt	1,28 %	1,04 %	1,03 %
Tap på utlån, garantiar m.v.	0,06 %	0,11 %	0,06 %
Netto tap/vinst anleggsaksjar	0,00 %	-0,14 %	-0,20 %
Resultat av ordinær drift før skatt	1,22 %	1,06 %	1,18 %
Skatt på ordinært resultat	0,30 %	0,27 %	0,23 %
Resultat av ordinær etter skatt	0,91 %	0,80 %	0,95 %

REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap for 3. kvartal 2019 er sett opp i samsvar med rekneskapslov av 1998, god rekneskapskikk og forskrift om årsrekneskap for banker.
Rekneskap for 3. kvartal 2019 er ikke revidert.

TAP, TAPSNEDSKRIVINGAR OG MISLEGHALD

(tal i heile kr 1.000)	30.09.19	30.09.18	31.12.18
Tap på utlån og garantiar			
Endring individuelle nedskrivningar inkludert amortisering	207	2.726	6.397
Endring i nedskrivning på grupper av lån	700	-150	-5.300
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	338	92	247
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	475	548	1.180
Inngang på tidligare konstaterte tap	-65	-274	-282
Netto kostnadsført vedk. tap på utlån	1.655	2.942	2.243
Endring i individuelle tapsnedskrivningar på garantiar	0	0	0
Tap på utlån, garantiar m.v.	1.655	2.942	2.243
Misleghaldne engasjement			
Brutto misleghaldne engasjement over 90 dagar	34.077	32.650	32.011
- individuelle tapsnedskrivningar	-9.462	-6.372	-10.029
Netto misleghaldne engasjement	24.615	26.278	21.982
Tapsutsette engasjement			
Brutto tapsutsette engasjement	0	0	0
- individuelle tapsnedskrivningar	0	0	0
Netto tapsutsette engasjement	0	0	0

ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

(tal i heile kr 1.000)	30.09.19	30.09.18	31.12.18
Sparebankenes fond	441.308	410.810	441.308
Gåvefond	18.700	18.700	18.700
-Frådrag	-61.232	-41.904	-40.703
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	398.776	387.606	419.305
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	19.154	4.423	4.129
Offentleg eigde foretak	0	1.816	1.803
Institusjonar	53.088	33.424	42.331
Foretak	108.431	116.009	105.704
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.511.908	1.531.529	1.551.565
Forfalte engasjementar	29.214	34.066	32.595
Obligasjonar med fortrinnsrett	7.082	8.998	8.999
Andeler i verdipapirfond	75.141	40.176	33.254
Eigenkapitalposisjonar	40.495	83.003	87.105
Øvrige engasjement	36.887	27.708	52.296
Berekningsgrunnlag kredittrisiko	1.881.400	1.881.152	1.919.781
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko	143.038	137.181	143.038
Sum berekningsgrunnlag	2.024.438	2.018.333	2.062.819
Kapitaldekning			
Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag	19,70 %	19,20 %	20,33 %
Krav til kapital			
Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum berekningsgrunnlag	161.955	161.467	165.026
Ansvarleg kapital	398.776	387.606	419.305

Overskot av ansvarleg kapital	236.821	226.139	254.279
Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav	236.821	226.139	254.279
Bufferkrav			
Bevaringsbuffer 2,5 %	50.611	50.458	51.570
Systemrisikobuffer 3 %	60.733	60.550	61.885
Motsyklisk buffer 2 %	30.367	30.275	41.256
Sum bufferkrav	141.711	141.283	154.711
Overskot rein kjernekapital	95.110	84.856	99.568

KONSOLIDERT KAPITALDEKNING

Frå og med 1.1.2018 skal eigarpostar på under 10 % i samarbeidande grupper konsolideras inn i kapitaldekningsberekning. Luster Sparebank eig 7,1 % i Verd Boligkreditt AS og 1,59 % i Brage Finans AS og dette blir teke med i Luster Sparebank si konsoliderte kapitaldekning.

	30.09.19	30.09.18	31.12.18
Konsolidert rein kjernekapitaldekning i %	18,97 %	18,45 %	19,34 %
Konsolidert kjernekapital dekning i %	19,24 %	18,66 %	19,56 %
Konsolidert kapitaldekning i %	19,49 %	18,95 %	19,86 %

UVEKTA KJERNEKAPITALANDEL

	30.09.19	30.09.18	31.12.18
Uvekta kjernekapitalandel	10,39 %	10,43 %	11,08 %
Konsolidert uvekta kjernekapitalandel	10,02 %	9,63 %	10,29 %

LIKVIDITET

	30.09.19	30.09.18	31.12.18
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	176,0 %	136,0 %	212,0 %